



Arkoconsult As
Mia Kongelstad
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1019 - 23/9997

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
13.11.2023

Mellombels bruksløyve til heile tiltaket på gbnr. 142/216- Mastrevik

Administrativt vedtak. Saknr: 143/23

Vi syner til søknad motteke 10.11.2023

Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for heile tiltaket på følgjande vilkår:

1. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.11.2024.



Saksutgreiing:

Søkjær skriv følgjande:

Det søkes herved om midlertidig brukstillatelse for hele tiltaket ved gbnr. 142/216 i Austrheim kommune. Tiltakshaver er Mastreviktunet AS. Tiltaket består i oppføring av tre firemannsboliger.

Det gjenstår å få på plass lekeapparat ved omsøkt tiltak. Etter konkursen til Arkobygg AS, må vi også få en oversikt over overlevert FDV-dokumentasjonen. Dette tar gjerne litt tid, og det må derfor søkes om ny midlertidig brukstillatelse. Det er for ordens skyld satt frist for innsending av søknad om ferdigattest ett år frem i tid, altså 10.11.2024.

Ansvarleg søkjer/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeidar. Gjennom dette har dei stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtak i saka. Ansvarleg søkjer/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå og har identifisert gjenstående arbeide som følgjande:

Det gjenstår å få på plass lekeapparat ved omsøkt tiltak. Etter konkursen til Arkobygg AS, må vi også få en oversikt over overlevert FDV-dokumentasjonen.

Ansvarleg søkjer/tiltakshavar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.11.2024.

Gjennomføringsplan datert den 31.10.2023 er lagt ved i søknad om mellombels bruksløyve. Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan frist er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyre. Bygningsstyresmakta vil følgje opp manglande ferdigstilling med pålegg og sanksjonar etter plan- og bygningslova kap 32.

Bygningane eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve (jf. pbl. § 20-1).

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vedlegg:

Kopi til:

Alf Kvant

Mottakere:

Arkoconsult As

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN